

# Turkarusell 2018



Postane er i år plassert slik:

## Nordsida:

### Dunfjellet

Parkering ved brua i Geilane. Hugs bompengar 30,-. Gå vegen opp mot garden og ta rett fram over bakken i svingen under løa. Kryss bekken og fyl den gamle traktorvegen ca 100 meter nedatt langs bøen på andre sida, før du svingar oppover mot venstre til stien inn mot skogen. Fyl stien oppover skogen. Eit stykke oppe opnar det seg litt når du kjem til ei myr. Her held du svakt mot venstre oppover til den utrasa gamle uteløa. Fylg merking vidare opp mot skaret, til den fyrste varden. No ser du Dunfjell toppen beint framme i himmelsynet. Her skal du dreie mot høgre. Fylg merking oppover fram til målet. Du skal heilt til den øverste varden, og der finn du boksen inni den. T/R ca 3 timar

### Hatlekinne

Parkering i Geilane. Hugs bompengar 30,-. Gå oppover stien mellom hyttene. Gå opp bak Rørgastølen og til toppen av Glimeskaret. Ta deretter stien rett mot toppen av Hatlekinni. Boks i største varden. T/R ca 2 timar

### Sanden

Parker på Horvej, eventuelt ved grustaket i Ståi om du vil gå litt lenger. Gå vegen mot Geilane. Ta til høgre og gå den nye vegen ut mot Sanden. Boksen er plassert under berget rett bak det gamle kvite huset nede ved vatnet. Retur same veg eller på ny sti oppover mot Stigen og runden tilbake til Geilavegen. Du kan og gå treppene/stigen opp til tunnelen i Geilavegen.

### Nordalen

Parkering i enden av Øvstedalen (eller inne ved Øykholmane). Gå på stien på venstre side der vegen sluttar. Fortset innover bakom stølshusa på Øykholmane mot Nordalen. Boks heng på vegg på stølshus. T/R ca 2 timar

## Sørsida

### Verpelstadstølen

Køyr til Verpelstad. Parker på den store parkeringsplassen. Gå tilbake langsvegen og opp igjennom tunet. Stien startar med nokre trappetrinn bak huset. Fyl stien og merkinga oppver til du kjem til hytta til høgre litt oppom dei gamle stølstuftene. Kasse heng på uthuset T/R ca 2-3 timar

### Rørbakkestølen

Parker på parkeringsplass rett forbi Rasdalsvatnet. God T-merka sti forbi Rørbakken og Gamlestølen. Rørbakkestølen ligg på andre sida av elva eit lite stykke innom Gamlestølen. Boksen ligg inni muren på den øvste av dei gamle murane. T/R ca 2,5 timar

### Bolstadstølen

Parkering ved Rasdalsvatnet. Gå opp mellom gardshusa, fyl bakken opp mot gjerde til du finn sti som går oppover. (Ikkje gå midt i graset) Når du har passert toppen svingar stien etter ei stund til venstre inn mot der du møter stølen. Boks plassert på sel innerst på stølen. T/R ca 2,5 timar

### Hjørnevikstølen

Parkering ved oppstart av skogsveg, eller ved stamvegen i Hjørnevik. Gå på skogsvegen og deretter på vanleg sti oppover mot stølen. Boks inni steintrappa på Knutbu. T/R ca 2 timar

## **Trimløype-kasser på Tveite og Utsikten**

### **Turnemnda i Bolstadøyri Turnlag**

Oppdagar du feil med boksane kan du melde eller ringa Turid på tlf 917 36 372

Kopp i premie til alle som har vitja alle boksane, samt om du er under 10 år og har

vitja minst 4. Det vert og trekk ein premie i kvar boks.